



## Hurtigsvarpremie

For arrangørane er det alltid kjekt å få mange tidleg påmelde til ein regatta, fordi ein då lettare kan dimensjonere arrangementet etter kor mange ein kan venta stiller opp. Seglarane, på si side, vil gjerne «sjå det litt an» før dei melder seg på.

Men er det premiar å hente så vaknar gjerne seglarane opp, enten det er på regattabanen eller under påmeldinga. Så derfor set regattakomiteen opp eit Seiko ur til verdi ca kr 5000 som premie som skal trekkjast mellom alle båtane som er påmelde innan 1. mars kl 24:00, og som seinare fullfører regattaen.



Uret er gitt av ein som allereie er påmeld regattaen; Tor Lohne på «Calluna». Og det er ikkje første gongen at han gjer dette; også i 2015 stod han bak ein liknande premie.

Så kom igjen; meld dykk på, og bli med i trekninga av eit ur som tåler å brukast også i ruskever på Seilmakeren Doublehanded!

Trekninga av premien vil bli gjort under premieutdelinga etter avslutta regatta.